



Ledige bustadtomter
Beitohagin, Beito
Øystre Slidre kommune

BEITOHAGIN

bustadfelt, Beito

Øystre Slidre kommune har attraktive bustadtomter for sal i Beitohagin bustadfelt i Beito. Feltet ligg om lag fire km frå Beitostølen sentrum. Feltet har 13 tomter, der 8 er selde. Tomtene er på 1000-1500m².

Beitohagin bustadfelt ligg vestvendt og lunt til, med utsyn mot Øyangen og fjella. Her bur du tett på naturen, med gode høve for fritidsaktivitetar og rekreasjon. Området byr mellom anna på flotte skiløyper, alpinbakkar, turstigar og andre aktivitetsmoglegheiter.

Bustadfeltet ligg til Lidar skulekrins. Skulen er ny og moderne barneskule. Beito barnehage ligg innan gangavstand frå Beitohagin. Øystre Slidre har full barnehagedekning og garanterer plass frå barnet fyller eitt år.

Øystre Slidre kommune har ei svært flott og ettertrakta Statsallmenning, med gode jakt- og fiskemoglegheiter for kommunen sine innbyggjarar.

Som turistdestinasjon kan Beitostølen tilby eit rikt utval av butikkar, restaurantar og aktivitetar, samt kultur- og idrettsarrangement som t.d. Trollrock, Beitostølen Fjelljazzfestivall, Beitosprinten og Det Norske Fjellmaraton.

Øystre Slidre kommune er ei kulturbygd med mange frivillige lag og organisasjonar. Kulturskulen har eit breitt tilbod innan moderne og tradisjonelle kulturuttrykk. Kommunen har fleire gode møteplassar for ulike aldersgrupper t.d. biblioteket, gjennom Frivilligsentralen og ungdomsklubben.

163 860,-
inkl. omk.

GEOGRAFI / INFRASTRUKTUR

Beitostølen sentrum 4 km
Kommunesenter, Heggenes 20 km
Regionsenter, Fagernes 40 km

SKULE
Lidar skule 7 km
Øystre Slidre ungdomsskule 20 km
Valdres vidaregåande skule 45 km

BARNEHAGE
Beito barnehage 0 km

TRANSPORT
Valdresekspressen (Fv 51) 4 km


HELSE
Helsestasjon 18 km
Legekontor 18 km
Valdres lokalmedisinske senter 40 km



Foto: © Gudny Nysveen




Foto: © Øystein Skattebu



Frå Beitohagin har du utsyn mot Øyangen og Slettefjell.

foto: © Ivar Thune Hagerup



FINN FRAM TIL Beitohagin

FRÅ FAGERNES

Ta av på FV51 mot Beitostølen ved brua i Fagernes sentrum. Følg vegen i om lag 33 km. Ta til venstre på Beitovegen. Følg vegen mot Beito i 5 kilometer. Ta til høgre inn Hansanevegen, og du er i Beitohagin bustadfelt.

FRÅ BEITOSTØLEN


Køyr Beitostølsvegen mot Beito. Køyr 1,5 km og ta til venstre inn Hansanevegen.



OVERSIKT OVER LEDIGE TOMTER



X = ledige tomter



-rein naturglede
Øystre Slidre kommune

KONTAKT OSS

Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989
2940 Heggenes

tlf: 613 52 500
post@oystre-slidre.kommune.no

www.oystre-slidre.kommune.no